

## SAK 51/20 ÅRSBUDSJETT 2021 OG ØKONOMIPLAN 2021 – 2024

### Saksopplysning:

I tillegg til årleg driftsbudsjett for Regionrådet skal det utarbeidast økonomiplan for fireårsperioden og handlingsprogram. Bakgrunn for økonomiplan/handlingsprogram er: Strategisk plan for Hallingdal, årsbudsjett 2020 og rekneskap for 2019.

### Driftsbudsjettet for 2021:

Driftsbudsjett 2021 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2019, budsjett for 2020 og dei erfaringar ein har med drift av regionrådskontoret. Totalt er det for 2021 lagt inn ein eigeninnsats på kr. 400.000, som vil bli refundert frå prosjekt. Dette er ein reduksjon frå åra før, og ei utvikling som er varsla. Tilskot frå kommunane er budsjettert med kr. 2.100.000, som er ei auke på kr. 80.000 frå 2021, eller ca. 4%. Det blir vurdert som viktig å halde fram med det offensive arbeidet Regionrådet driv med.

### Nye driftstiltak som ikkje er innarbeid i budsjettet.

Regionrådet drøfta i møte den 28. aug. 2020, finansiering av «Ungt Entreprenørskap. Dette er tiltak som kommunane, fylket og næringa går saman om. Drøftinga gjekk på om dei kommunale midlane skal løyvvast av kvar kommune eller om det skal løyvvast frå regionrådet for å «lette prosessen. Dette må Regionrådet ta stilling til.

### Disposisjonsfond:

Disposisjonsfond var 31.12.2019 på kr. 724 584,88. Hallingtinget vedtok, den 19. juni 2020 i si handsaming av reknskapen at overskotet på kr. 72.182,20 frå 2019 skulle tilførast fondet og utgifter i samband med tilsetjing av ny dagleg leiar på kr.109.468,27 blir trekt frå disposisjonsfond. Etter Hallingtinget si handsaming er disposisjonsfondet på kr. 687.298,81.

I sak 10-19 rådde Hallingtinget til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 800.000 ved starten av året:

- *Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året.*
- *Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.*
- *Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast inntil kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einkilde kommune.*

Fordi det var ekstraordinære kostnader knytt til rekruttering av dagleg leiar i 2020, vil Dagleg leiar tilrå at ein for 2021 gjer eit unntak og går bort ifrå eit disposisjonsfond på kr. 800 000, men at fondet blir ståande på kr. 687 298. Samstundes bør løyvinga frå disposisjonsfondet reduserast tilsvarande.

## Strategisk plan for Hallingdal

Strategisk plan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Det må likevel vera rom for å kunne støtte tiltak som kjem opp undervegs sjølv om det ikkje er ein del av planen. Når det gjeld gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal og finansiering av desse skjer dette no m.a. med avsette midlar til strategisk plan og ulike verkemiddelpostar som det kan søkjast midlar frå. Me får ikkje lenger utviklingsmidlar frå fylkeskommunen (partnerskapsavtala), som tidlegare har vore i storleik 2,5 mill. kroner pr. år. Det blir arbeid kontinuerleg opp mot verkemiddelapparatet, for å styrke finansieringa av prioriterte tiltak, og erfaringsmessig hentar me ut ca. 1. mill til ulike prosjekt, som vert lagt inn i budsjettet.

### Samandrag økonomiplan 2021 – 2024 (2020-kroner)

TILTAK	2021	2022	2023	2024
Driftsbudsjett	2.730.000	2.810.000	3.000.000	3.090.000
Tiltak Strategisk plan (eksternt og internt)	1.800.000	1.900.000	1.900.000	1.900.000
<b>SUM</b>	<b>4.530.000</b>	<b>4.710.000</b>	<b>4.810.000</b>	<b>4.860.000</b>

### Finansiering

TILTAK	2021	2022	2023	2024
Kommunane, driftsbudsjett	2.100.000	2.160.000	2.260.000	2.360.000
Eigeninnsats	400.000	400.000	400.000	400.000
Renter	230.000	200.000	150.000	100.000
Kommunane, disposisjonsfond	0	0	0	0
Kommunane, tiltak Strategisk plan	800.000	900.000	900.000	900.000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000
<b>SUM</b>	<b>4.530.000</b>	<b>4.760.000</b>	<b>4.810.000</b>	<b>4.860.000</b>

### Forslag til vedtak

- Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2021, med ei kommunal finansiering på kr. 2.100.000.
- Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2021, frå kommunane i Hallingdal.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 687 289,81 for 2021 og at ein går attende vedtak på kr.800.000 frå og med budsjettåret 2022.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjett-handsaminga.
- Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Førsetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
- Hallingtinget rår til at finansiering av «Ungt Entreprenørskap» blir lagt til regionrådet. Dette vil, om det bli vedtatt, føre ein auka i kommunale tilskot
- Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2021 – 2024.

Hallingdal 18. sept 2020

Jan Olav Helling Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2021.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2021

**REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2021**

<b>KONTO TEKST</b>	<b>BUDSJETT FOR 2021</b>	<b>BUDSJETT FOR 2020</b>	<b>REKNESKAP FOR 2019</b>
<b>ADMINISTRASJON</b>			
10100 Løn	1 550 000	1 580 000	1 467 969
10990 Arbeidsgjevaravgift	190 000	180 000	183 084
10900 Pensjon	235 000	270 000	263 181
11900 Husleige	100 000	90 000	118 185
11301 Telefon	20 000	10 000	18 440
11300 Porto	2 000	1 000	1 568
11000 Kontorrekvisita, tidskrift, faglitt.	5 000	5 000	5 293
12000 Inventar og utstyr	10 000	10 000	30 365
11501 Reiseutgifter, adm.	50 000	75 000	45 801
11151 Møteutgifter	20 000	20 000	17 060
11500 Kurs, konferansar	10 000	10 000	2 033
11402 Brevark, konvoluttar, logo, profilering	5 000	5 000	0
11951 Lisensavgifter	70 000	70 000	61 432
11209 Ymse utgifter administrasjon	20 000	20 000	17 378
13750 Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	35 000	25 000	40 724
<b>SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER</b>	<b>2 322 000</b>	<b>2 371 000</b>	<b>2 272 513</b>
<b>POLITISK DEL</b>			
10800 Godtgjersle leiar	48 000	47 000	45 310
10801 Møtegodtgjersle	40 000	40 000	13 600
10990 Arbeidsgjevaravgift	7 000	9 000	6 244
11151 Bevertning	70 000	70 000	114 865
11501 Reiseutgifter	40 000	60 000	37 286
11950 Kontingent (Fjellregionsamarbeidet)	57 000	90 000	61 704
11209 Ymse utgifter Regionrådet	20 000	20 000	24 173
12700 Konsulenttenester og juridisk bistand	0	5 000	0
14700 Tilskot "Dølaminne" Drift Hallingdal Ungdomsråd	6 000 120 000	6 000 194 000	6 000 129 018
<b>SUM UTGIFTER REGIONRÅDET</b>	<b>408 000</b>	<b>541 000</b>	<b>438 201</b>
<b>TOTALE KOSTNADER</b>	<b>2 730 000</b>	<b>2 912 000</b>	<b>2 710 714</b>
<b>INNTEKTER</b>			
17500 Frå kommunane etter fordeling, drift	2 100 000	2 020 000	1 919 513
3999 Eigeninnsats prosjekt, refundert	400 000	600 000	610 000
19000 Renter av bankinnskott	230 000	240 000	253 383
19400 Bruk av disposisjonsfond		52 000	-72 182
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>2 730 000</b>	<b>2 912 000</b>	<b>2 710 714</b>
<b>NYE TILTAK</b>			
Ungt Entreprenørskap			
Kostnad	300 000		
Tilskot kommunane	300 000		

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

### FORDELING AV KOSTNADER 2021

#### FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % etter deltakarer i regionrådet

70 % etter folketal (utgang 2. kvartal 2020)

**BUDSJETT 2 100 000**

#### FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2020

**BUDSJETT 800 000**

#### DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2020

**BUDSJETT 0**

#### KOSTNAD PR. KOMMUNE:

KOMMUNE	INNB.	1.1-30.6	1.7-31.12	DRIFT	STR.PLAN	DISP.FOND	TOT SUM	TOT SUM
							2021	2020
Flå	1046	89 966	89 966	179 933	40 780	0	220 712	214 862
Nesbyen	3260	169 269	169 269	338 538	127 096	0	465 634	457 989
Gol	4616	217 839	217 839	435 678	179 961	0	615 639	593 826
Hemsedal	2491	141 724	141 724	283 449	97 115	0	380 564	369 873
Ål	4687	220 382	220 382	440 765	182 729	0	623 494	601 797
Hol	4420	210 819	210 819	421 637	172 320	0	593 957	581 653
<b>SUM</b>	<b>20520</b>	<b>1 050 000</b>	<b>1 050 000</b>	<b>2 100 000</b>	<b>800 000</b>	<b>0</b>	<b>2 900 000</b>	<b>2 820 000</b>

Ål 18.9.2020

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar